



Saksframlegg

Revisjon av vertskommuneavtale om jordmorsamarbeid i Fyresdal, Kviteseid, Seljord og Vinje

Utval	Utvalssak	Møtedato
Kommunestyret	9/26	19.02.2026
Kommunestyret		19.03.2026

Endeleg vedtaksrett i saka har: Kommunestyret

Dokument i saka:

Vedlegg

- 1 Vertskommuneavtale - jordmorsamarbeid
- 2 sign. Avtale om jordmorsamarbeid i Vest-Telemark

Bakgrunn for saka:

Saka som nå blir lagt fram på nytt er identisk med saka som blei handsama i sak 9/26 i kommunestyret i februar. I tillegg har kommunedirektøren skrive inn forklaring på kvifor vi gjer dette i bakgrunn for saka, og skrive inn meir under konklusjon. Den nye teksta er utheva i kursiv.

Denne saka blei handsama i kommunestyrets februar møte som sak 9/26. Ordførar har bestemt at saka skal handsamast på nytt. Bakgrunnen for at saka kjem opp på nytt er at tilbakemeldingar ordførar og kommunedirektør fekk i Vest- Telemarkrådet da saka kom opp på sakskartet under eventuelt. Fyresdal fekk hard kritikk frå ordførar i Vinje på vedtaket som Fyresdal hadde gjort i sak 9/26. Hovudgrunngevinga for kritikken var at ein som ein del av eit vertskommunesamarbeid, kor ein har delegert ansvaret til ein vertskommune, ikkje kan styre kva vertskommunen skal gjere når dette ligg innafor det mandatet vertskommunen må ha for å utføre oppgåva som er delegert, altså jordmortenesta og følgjetenesta.

Ordførar i Vinje gjekk så langt at han også la på bordet at Vinje ikkje kunne vere vertskommune for jordmortenesta med eit slik vedtak, og at viss Fyresdal oppretthald dette vedtaket ville Vinje som vertskommune ikkje lenger ha dette ansvaret.

Samarbeid mellom kommunane om jordmøtenester

Vertskommuneavtale mellom Fyresdal, Kviteseid, Seljord og Vinje om svangerskap og barselomsorg blei signert i 2018. Kommunestyret i Tokke har i desember 2025 vedtatt å slutte seg til denne avtale. Utviding av vertskommunesamarbeidet skal godkjennast av alle kommunane i samarbeidet før nye kommunar vert tatt inn i samarbeidet.

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; Fyresdal kommune skal ha gode helse- og omsorgstilbod

I tillegg til å vurdere å utvide avtala til også å omfatte Tokke kommune, har det vore behov for å gjera fylgjande endringar/ presiseringar i gjeldande avtale:

- Vertskommunen har fullmakt til å inngå avtale med STHF om fylgjeteneste og beredskap, ev. endringar i avtala skal drøftast med samarbeidskommunane. (Dette har vore praksis tidelegare, men er ikkje tydeleg nedfelt i gjeldande avtale.)
- Samla ressursbruk er auka frå om lag 5 til om lag 6,5 årsverk som fylgje av at Tokke blir med i samarbeidet og at STHF sin beredskap for Tinn blir ein del av avtale mellom Vinje kommune og STHF frå 01.04.26.
- Storleiken på administrativ ressurs er ikkje spesifisert i revidert avtale (i gjeldande avtale er den definert som 20% stilling)
- Fordelingsnøkkelen er endra *frå* å vera ulik for kommunane, dvs. botnressurs tilsvarande 10% for Kviteseid, Seljord og Vinje og 5% for Fyresdal, og resterande utgifter fordelt etter tal på fødsjar, *til* å vera lik for alle kommunane. Ny fordeling er 30% etter innbyggjartal og 70% etter tal på fødsjar siste ti åra.
- Det er teke med eit administrativt påslag til vertskommunen på 5% av brutto utgiftsramme
- Samarbeidsutval er endra til styringsgruppe, med nokre mindre endringar

Sidan vertskommunen jf. vertkommuneavtala, har mynde til å inngå samarbeidsavtale om beredskap og fylgjeteneste med Sykehuset Telemark (STHF), er avtala mellom Vinje og STHF ikkje nærare utdjupa i vertskommuneavtala.

Jordmørsamarbeidet mellom Vinje kommune og STHF som er lokalisert i STHF sine lokale i Seljord, har stor betydning for den samla jordmøtenesta i regionen og organiseringa av denne, og blir derfor omtala vidare i denne saka.

Samarbeid med STHF om jordmøtenester

Ansvar for den gravide gjennom svangerskap, fødsel og barselstid er fordelt mellom kommunar og sjukehus. Kommunane har ansvar for gravide i svangerskap og barselstid, medan STHF har ansvar for *vaktberedskap og fylgjeteneste* for gravide, fødande og barselkvinner, med 90 minuttar eller lengre reiseveg til fødeinstitusjon.

Kommunane sitt ansvar for svangerskaps- og barselomsorg blir ivaretatt med oppfølging og rutinemessige kontrollar under svangerskapet og etter fødselen. Dette går føre seg på dagtid, ved at den gravide vert fylgd opp av jordmor, lokalt i kvar kommune. Det er *dei same jordmødrene* som utøver dei kommunale tenestene, som også ivaretek STHF sitt ansvar for fylgjeteneste og beredskap.

STHF står fritt til korleis vaktberedskap og følgjetenesta skal organiserast, men eit samarbeid mellom STHF og kommunane (ved vertskommunen Vinje) om den samla jordmortenesta, er ein klar fordel for både dei som nyttar tenesta, for STHF og kommunane. Samarbeidet gjev grunnlag for kontinuitet og tryggleik for gravide og fødande, større stillingar for jordmødrene, og eit fagmiljø som det ikkje ville vore mogeleg å få til utan dette samarbeidet. Dette er avgjerande for å lykkast med å rekruttere og behalde jordmødrene i regionen, i ein elles krevjande arbeidsmarknad.

Konklusjon:

Samarbeidet gjer det mogeleg å ha

1. Tilgang på jordmødre 24/7
2. Større fagmiljø som gjer jordmorsamarbeidet til ein attraktiv arbeidsplass
3. God tilgang på vikarar ved ferieavvikling og hospitering
4. Ordna arbeidstilhøve for jordmødrene
5. Likeverdig tilbod til gravide i Telemark med behov for vaktberedskap og følgjeteneste

Jordmorsamarbeidet gjer det mogeleg både for kommunane og STHF å fylgje opp sine lovpålagte oppgåver på ein forsvarleg og føreseieleg måte, samstundes som individuelle behov hos gravide, fødande og barselkvinner vert ivareteke.

Jordmorsamarbeidet har to tenester. Det eine er oppfølging av gravide i alle kommunane som deltek i jordmorsamarbeidet, som vertskommunen har ansvar for. Det andre er følgjetenesta som sjukehuset har ansvar for. Sjukehuset inngår ikkje avtale om følgjeteneste med den einskilde kommune, men med vertskommunen. Vertskommunen er da avtalepart på vegne av dei seks kommunane som går inn i samarbeidet. Sjukehuset bestemmer sjølv korleis dei organiser følgjetenesta, og vertskommunen har ingen innverknad på kven andre som er med i same følgjeteneste. Dette er ein av årsakene til at vedtaket som blei gjort i februar møte i sak 9/26 ikkje kan bli ståande.

For at den reviderte avtalen med vertskommunen skal vere gjeldande, må alle seks kommunestyra som inngår i vertskommunesamarbeidet gjere likelydande vedtak. Dette er ei anna årsak til at denne saka må opp på nytt.

Dersom kommunestyret vel å oppretthalde vedtaket i sak 9/26 frå kommunestyret i februar, kan Fyresdal kommune måtte seie opp vertskommuneavtalen å tre ut av samarbeidet. Det betyr at Fyresdal sjølv må organisere jordmortenesta. Kommunedirektøren er redd for at det vil kunne føre til at det kan bli vanskeleg eller umogeleg å levere jordmorteneste til dei gravide i Fyresdal. Følgjetenesta vil da også bli organisera av sjukehuset slik dei finn det formålstenleg, men da er vi ein liten avtalepart åleine.

Innstilling frå kommunedirektøren:

- Tokke kommune vert teke inn i vertskommunesamarbeidet om jordmortenester på lik linje med dei andre samarbeidskommunane.
- Revidert Avtale om vertskommunesamarbeid – Samarbeidsavtale om jordmortenester i Fyresdal, Kviteseid, Seljord, Tokke og Vinje vert godkjent slik den ligg føre.

Ulf Pedersen	Anne Veum
Kommunedirektør	Kommunalsjef Helse og omsorg